OLDSAKSAMLINGEN
J.nr. 001792 23 AUG 85
SAKSF AEG ARK.Nr.

# MØTEBOK

Blad

| Kommune | Styre, rad, utvalg m. v. | Møtested | Møte dato |
|---|---|---|---|
| Gol | Formannskapet | Kommunehuset | 19.8.1985 |

Sak nr.

300/85 F.

A.504.3
OHB/ime

UTGIFTER TIL ARKEOLOGISK REGISTRERING I SAMBAND MED REGULERINGSPLAN-FORSLAG TIL STØLSOMRÅDA.

Vedlegg: Brev frå teknisk sjef 28.05.1985.
Brev frå kommunen til oldsakssamlingen 18.01.1985.
Svar frå oldsakssamlingen 15.02.1985.

Framlegg til vedtak:

Då det er stølslaga som utarbeider reguleringsplanar, må desse reknast å vere tiltakshavarar og utgiftene må berast av stølslaga.

Gol, 06.08.1985
Olav H. Bale

Formannskapet gjorde i møte 19. august 1985 slikt

samrøystes VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke.

Sign.

Gol, 21.8.1985
Rett utskrift:

Utskrift sendt til
Teknisk etat, her
Universitetet i Oslo, Oldsaksamlinga, Frederiks Gate 2, Oslo 1

K-blankett 2549
Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo 2-84

OHB

**GOL KOMMUNE**
TEKNISK ETAT
TLF. 067-74 100
3550 GOL

VAR DATO 28.05.1985 — REFERANSE A.504.1/OF/åt
DYKKAR DATO — REFERANSE

Gol formannskap
her

01178 28.5.85
504.3

UTGIFTER TIL ARKEOLOGISK REGISTRERING I SAMBAND MED REGULERINGSPLAN-FORSLAG FOR STØLSLAGSOMRÅDA

Viser til brev fra Gol kommune til Universitetet i Oslo, oldsakssamlingen, dagsett 18.01.85, samt til svarbrev frå oldsaksamingen dagsett 15.02.85, som fylgjer som vedlegg.

Av svarbrevet framgår det m.a.:

> "Etter § 10 i kulturminneloven skal utgifter til særskilt gransking av fornminner eller særskilte tiltak for å verne dem på grunn av tiltak som nevnt i §§ 8 og 9, bæres av tiltakshaver."

Hittil har kommunen fått rekning på kr. 1.855.90 for utført registrering i Hjartingstølane stølslag, men har fått melding om at det vil bli sendt regning også for andre stølslag.

Når det gjeld planane for stølslagsområda, må stølslaget v/grunneigarane sjåast på som tiltakshavar.

Teknisk sjef foreslår difor at utgiftene til arkeologisk registrering vert å belaste dei enkelte stølslag. Dette er vel ikkje urimeleg sett på bakgrunn av at Gol kommune v/teknisk etat har hjelpt stølslage med bl.a. reintegning av planforslaga, endringar m.v.

Då denne saka er av prinsipiell karakter, ber ein om formannskapet sitt syn.

Gol, 28.05.1985

O. Fjøsne
O. Fjøsne
teknisk sjef

Vedlegg